

Referat frå styremøtet per telefon, 5.05.2020 Kl 19.00

Dei som var med er Anne-Brit, Truls, Marcia, Gerd, Kjell og Inga(ref)
Forfall: Marit hadde meldt forfall og Knut fekk vi ikkje kontakt med

Sak 20/20 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak; Godkjent

Sak 21/20 Godkjenning av referat frå førre møte.

Vedtak; Godkjent

Sak 22/20 Kommunestyremøte 11.mai.

Truls orienterte oss om sakene som vi diskuterte.

Det har kome inn følgjande **spørsmål /interpellasjonar** til møte.

Mgd; Spørsmål om tiltak for sårbare barn

Spørsmål, AP v/ Marius Bismo: Støtte tiltak for samfunnshus.

Interpellasjon v/ Karen Marie Skarshaug Aaseng

Luseter: Flyplass på Taurstadåsen

Interpellasjon SV v/ Truls Gjefsen: Ta mot barn frå Morialeiren.

Vedtak; Truls sender interpellasjon over til Innlandet SV for å få det inn på heimesida vår etter kommunestyremøtet.

Kommunestyresaker:

- Søknad om omstillingsstatus for Sel kommune. Strategifase- finansiering, organisering og framdrift.
- Detaljreguleringsplan Loftgårdsteigen, Mysusæter
- Adgang til å ta opp Kortsiktig Likviditetslån/driftskreditt.
- Etablering av fact team i samarbeid med Sykehuset Innlandet
- Oppretting av aksjeselskap – oppdrettsanlegg for røye
- Valg av skjønnsmedlemmer for perioden 2021-31.12.2024.

Vedtak: I kommunestyret kjem ikkje SV til å støtte interpellasjonen frå Lusæter. Dei andre sakene kjem Truls til å leggjevekt på at skiløypene på Mysuseter ikkje vert øydelakt for dei mange.

Det er viktig å støtte næringslivet i ei krise og på grunn av det, støttar fleirtalet, opp om at Sel kommune får «Kortsiktig Likviditetslån/driftstilskredditt.» Viktig å tenkje godt miljø og at det ikkje vert forurensing av fiskeoppdrett.

Sak 23/20 Oppsummering/Evaluering av 1. mai.

På grunn av at heile Norge har vore stengt ned sidan 12.mars pga korona-viruset vart det ikkje feiring saman i år. Det var bra opplegg på nette og det beste var appellen som Truls hadde. SV er med på eit spleiselag saman med fagforeningane og AP.

Sak 24/20 Sjukehusstruktur.

Vedtak: Saka vart ut sett og vi tek den opp på eget møte 18.05.2020. kl 18.00. (Det er stengt på Parken kl 20.00 har Anne-Brit funne ut etter møtet)

Sak 25/20 Næringspolitisk utval som eige utval under fylkesstyret?

Vedtak; Der tok vi bort siste setning og godkjende den. Anne-Brit skulle sende den over til SV Innlandet. Det er viktig å få den inn på heimesida vår.

Sak 26/20 Referat frå Kommunestyret og Representantskapet.

Anne-Brit og Truls informerte oss om det ekstraordinære Representantskapsmøtet.

Sak 27/20 Eventuelt. Ingen saker